



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 817 790 992  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: TRONDS MARINE SERVICE AS  
Forretningsadresse: Røysanesvegen 18  
5457 HØYLANDSBYGD

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Kjartan Mehammer  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 21.06.2024

### Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 16.07.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>RESULTATREGNSKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekt		166 441 782	183 631 945
Anna driftsinntekt		131 379	306 663
<b>Sum inntekter</b>	1	<b>166 573 160</b>	<b>183 938 608</b>
<b>Kostnader</b>			
Variabel prosjektkostnad	1	30 761 719	41 797 707
Lønskostnad	2	60 374 787	52 900 645
Avskrivning	3	1 536 347	1 579 669
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3		
Annan driftskostnad	1, 2, 6	124 413 082	88 087 006
<b>Sum kostnader</b>		<b>217 085 935</b>	<b>184 365 027</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-50 512 774</b>	<b>-426 419</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		43 095	195 039
Anna finansinntekt		242 954	79 141
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>286 049</b>	<b>274 180</b>
Annen rentekostnad		2 103 718	70 936
Annan finanskostnad		1 167 165	-523 875
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>3 270 882</b>	<b>-452 939</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-2 984 834</b>	<b>727 119</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-53 497 608</b>	<b>300 700</b>
Skattekostnad på resultat	4	-11 754 889	60 819
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-41 742 719</b>	<b>239 881</b>
<b>Årsresultat</b>	5	<b>-41 742 719</b>	<b>239 881</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-41 742 719</b>	<b>239 881</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-41 742 719</b>	<b>239 881</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Udekket tap		-41 742 719	239 881
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<b>-41 742 719</b>	<b>239 881</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
<b>BALANSE - EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Utvikling	3		
Konsesjoner, patenter o.l	3		
Utsatt skattefordel	4		
Goodwill	3		
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3		
Vinsjer og fendere	3	2 761 261	4 065 993
Maskinar og anlegg	3	581 174	361 262
Båtar	3, 6	446 806	526 831
Driftsløysøre, inventar o.l.	3	59 055	51 157
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>3 848 296</b>	<b>5 005 244</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Periodisk vedlikehold	3	33 308 996	28 519 549
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>33 308 996</b>	<b>28 519 549</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>37 157 292</b>	<b>33 524 793</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	7	<b>1 950 451</b>	<b>2 837 121</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	8	34 037 109	20 609 828
Andre fordringer	8	3 025 200	11 636 998
Konsernfordringer	8	49 000 000	
<b>Sum fordringer</b>		<b>86 062 309</b>	<b>32 246 826</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskott, kontantar og liknande	2	27 681 146	20 363 072
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>27 681 146</b>	<b>20 363 072</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Sum omløpsmidler		115 693 905	55 447 018
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>152 851 197</b>	<b>88 971 811</b>

## BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD

### Egenkapital

#### Innskutt egenkapital

Aksjekapital	5, 9	20 030 000	20 030 000
Beholdning av egne aksjer	5		
Overkurs	5	5 000 000	5 000 000
Annen innskutt egenkapital	5	57 470 000	19 250 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>	<b>5</b>	<b>82 500 000</b>	<b>44 280 000</b>

#### Opptjent egenkapital

Annan egenkapital	5		
Udisponert resultat	5		
Udekket tap	5	44 643 807	2 901 088
<b>Sum opptjent egenkapital</b>	<b>5</b>	<b>-44 643 807</b>	<b>-2 901 088</b>

#### Sum egenkapital

5 37 856 193 41 378 912

### Gjeld

#### Langsiktig gjeld

Utsatt skatt	4	2 660 702	3 635 591
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>2 660 702</b>	<b>3 635 591</b>

#### Annen langsiktig gjeld

**Sum langsiktig gjeld 2 660 702 3 635 591**

#### Kortsiktig gjeld

Gjeld til selskap i konsern	8	58 805 587	8 110 221
Leverandørgjeld	8	9 875 109	16 573 347
Betalbar skatt	4		
Skyldige offentlige avgifter		5 500 255	4 164 118
Anna kortsiktig gjeld		38 153 351	15 109 623
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>112 334 302</b>	<b>43 957 308</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Sum gjeld		114 995 004	47 592 899
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>152 851 197</b>	<b>88 971 811</b>



# Årsrekneskap 2023

Tronds  
Marine Service AS



MEIDELL AS



FOTO: Tronds Marine Service.



## Styret si melding - 2023



### 1. Verksemda

Tronds Marine Service AS har sitt hovudkontor i Høylandsbygd i Kvinnherad Kommune. Selskapet vart stifta 05.09.2016, er 100 % eigd av Meidell AS og driv med maritim entreprenørverksemd, utleige og drift av flytekrantar, lekterar, taubåtar og andre relevante fartøy og utstyr.

Selskapet har i aukande grad lykkast med å satsa på større maritime prosjekt der me utnyttar vår kompetanse til å planlegge og gjennomføre slike prosjekt. På denne måten utnyttar ein både eige materiell og innleigde ressursar optimalt.

### 2. Årets drift – marknad og risiko

Tronds Marine Service AS utfører operasjonell, kommersiell og teknisk management på flytekrantar, slepebåtar og lekterar. Den operasjonelle aktiviteten har i all hovudsak føregått på Norskekysten. Tronds Marine Service er sertifisert etter ISO 9001:2015 standarden.

Flåten inneheldt ved utgangen av året totalt 24 einingar. «Tronds Lift 7» vart solgt i desember 2023. Fartøya er leigd inn frå Meidell Ship Holding AS.

Året 2023 var prega av varierende aktivitet innanfor fartøykategoriane, og saman med aktivitetar knytte til innleigde fartøy vart omsetninga for året 2023 på 166 MNOK, noko som er ca. 17 MNOK lågare enn for 2022.

Løftebommen til «Tronds Lift 6» ble i forbindelse med hovudklassing våren 2023 kondemnert. Som følge av kondemneringa er det i rekneskapan kostnadsført 41,8 MNOK i tillegg til avsetjing av 2,5 MNOK for framtidige kostnader. Fartøyet vil ikkje løfte meir og det jobbast med alternativ bruk for lekteren i marknaden.

Selskapet drifter vidare flytekranten «Tronds Lift 8» som saman med «Tronds Max» har hatt god aktivitet langs heile norske kysten i tillegg til nokre utanlands turar.

Den nedsøkkbare lekteren «Tronds Barge 33» avslutta i juni 2023 havneutbygging prosjektet i Marokko. Lekteren ble i oktober 2023 tatt inn på et stort havneprosjekt i Genova, Italia med varigheit på 900 dagar pluss opsjonar.

Dei tre slepebåtane har hatt stor aktivitet gjennom året både med slep av eige utstyr og eigne slepeoppdrag innanfor fleire marknadssegment. To av båtane hadde blant anna slepeoppdrag mellom Polen og Danmark gjennom fleire månader. «Tronds Flex» (multicat) har vært populær innan fleire segment gjennom heile året.

Lekterane har hatt middels sysselsetting året gjennom, og fleire har underprestert i forhold til tidigare periodar. Selskapet opererer totalt 18 lekterar i ymse storleikar og kapasitetar.

Selskapet har ein solid posisjon innanfor sitt verksemdsområde i Norge. Ein har utført oppdrag innanfor fleire marknadssegment som verkstadindustri, olje/gass, entreprenør, havbruk, vindindustri mfl. Forutan nokre lange kontraktar på lekterar er selskapet i spotmarknaden med resten av flåten.



## Styret si melding - 2023



Tronds Marine Service yter tenester til bransjar som er utsett for marknadssvingingar som følgje av endringar i blant anna oljeprisen. Selskapets posisjon innanfor fleire marknadssegment gjer det slik at marknadsrisikoen likevel er noko spreidd. Selskapets kredittrisiko er redusert gjennom førehandsvurderingar, gode bransjerelaterte kontraktar som sikrar oppgjør på forskot og/eller rett til pant i last. Selskapets evne til å finansiere aukingar i eigendelar og innfri sine forpliktingar (likviditetsrisiko) vurderast som god. Det vil alltid vere usikkerheit knytt til vurdering av framtidige forhold.

### **3. Kvalitet, Helse, Miljø og Sikkerheit**

Leiinga si årlege gjennomgang av drifta resulterer i mål- og tiltaksplan for både kvalitet, helse, miljø og sikkerheit. Det vert gjennomført årleg ekstern revisjon av selskapet sitt styringssystem.

Det er ikkje meldt om personskade i 2023 som har medført fråvær. Sjukefråværet i selskapet i 2023 for tilsette på sjø og land var høvesvis 5,2 % og 0,8 %. Sjukefråværet har vore relativt stabilt. Det er svært lite korttidsfråvær, og fråværet skuldast i stor grad lengre fråvær for einskildtilfelle.

Det gjennomførast sikkerheitsmøter månadleg om bord og det er utført vernerundar om bord og på kontor. Selskapet følgjer gjeldande regler og fastsetjingar for å hindre skader på ytre miljø.

Fartøya drives etter strenge nasjonale og internasjonale lover og regler. Besetningen om bord er godt kvalifisert og ein arbeider for å unngå/reduere utslepp.

Det er registrert fire tilfelle av spill/søl i 2023, dette er mindre søl på dekk forårsaka av hydraulikkslangar som ryk. Dette er mindre søl som i all hovudsak vert fanga opp før det blir utslepp til sjø. Det er innført tiltak for kontroll og utskifting av hydraulikkslangar, for å unngå slike hendingar.

### **4. Openheitslova**

Tronds Marine Service AS er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022.

I tråd med krava vil det bli offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane innan 30.06.2024. Dette blir gjort gjennom publisering på vår heimeside [www.trondsmarine.com](http://www.trondsmarine.com)

### **5. Vidare drift**

Årsregnskapet for 2023 er utarbeidd under styrets føresetnad om at vilkåra for vidare drift av verksemda er til stades.

### **6. Forsknings- og utviklingsaktiviteter**

Selskapet har for tida ingen pågåande forsknings- og utviklingsaktivitetar.

### **7. Likestilling og arbeidsmiljø**

Selskapet har ved årets slutt 47 faste tilsette, av desse er 35 tilsett på sjø og 12 tilsett på land. Det arbeider i alt 3 kvinner i bedrifta. I tillegg har ein hatt inntil 4 utanlandske sjøfolk på kontrakt i 2023. Gjennom året, i travle periodar, har det vore midlertidige tilsette på sjø kor 100% har vore menn. Det er i 2023 avvikla i gjennomsnitt 8 veker fødselspermisjon kor av alle var menn. Styret består av 3 menn.



## Styret si melding - 2023



Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, til dømes i saker som gjeld tilsetjing, løn, avansement og rekruttering. Selskapet jobber aktivt og målretta for å fremme likestilling og hindre diskriminering på disse områdene:

- rekruttering
- lønns- og arbeidsvilkår
- forfremmelse og utviklingsmuligheter
- tilrettelegging
- mulighet for å kombinere arbeid og familieliv

Dette utføres blant anna gjennom Arbeidsmiljøutvalet som er etablert i år kor utvalet skal arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø i selskapet. Vidare er selskapet bunden til overeinskomst mellom NHO Sjøfart og LO som regulerer rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår. Møter med tillitsvalte og verneombodet på sjø og land er også eit viktig tiltak for å fremme likestilling og hindre diskriminering. I styringssystemet for selskapet er det beskrevet rutinar for rekruttering og utviklingsmuligheter.

### 8. Rekneskap (heile tusen)

RESULTAT	2023	2022
Salgsinntekter	166 442	183 632
Andre inntekter	131	306
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>166 573</b>	<b>183 938</b>
Variable prosjektkostnader	30 762	41 798
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>135 811</b>	<b>142 140</b>
Lønn og hyre kostnad	60 375	52 900
Driftskostnad	124 413	88 087
Avskrivinger	1 536	1 579
<b>Driftsresultat</b>	<b>- 50 513</b>	<b>- 426</b>
Finansposter	- 2 985	727
<b>Resultat før skatt</b>	<b>- 53 498</b>	<b>301</b>
Skattekostnad	- 11 755	61
<b>Årsresultat</b>	<b>- 41 743</b>	<b>240</b>

Etter kostnadsføring / avsetjing på 44,3 MNOK relatert til «Tronds Lift 6» har selskapet for 2023 eit driftsresultat på minus 50,5 MNOK og eit årsresultat etter skatt på minus 41.742.719,- Selskapet har mottatt konsernbidrag på 49 MNOK. Eigenkapitalen per 31.12.2023 er 37,8 MNOK.

Markedet har vore noko svakare i 2023 og det har resultert i nedgang i total omsetning. Det jobbast med å betre den underliggende drifta, herunder nedsiderisikoen i spotmarknaden.



## Styret si melding - 2023



Driftsresultatet er betydeleg lågare enn kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar hovudsakeleg på grunn av avsetningar for kostnader til reparasjonar per 31.12., som utgjer totalt MNOK 20,1. Endringa i kontantstraum for investeringsaktivitetar er relatert til klassing/periodisk vedlikehald som er komet til forfall i 2023. Denne typen vedlikehald vil variere innanfor ein 5-års periode.

Det er styret si oppfatning at årsrekneskapen for 2023 med tilhøyrande informasjon gir eit rett bilete av selskapet sine aktiva og gjeld, finansielle stilling ved årsskiftet og resultat av drifta i året. Styret føreslår at årets underskot vert tilført selskapet sin egenkapital under dette udekt tap.

### **9. Forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette**

Det er teikna ordinær forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvar som dei kan pådra seg i samband med utføring av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

### **10. Hendingar etter balansedagen 31.12.2023**

Det er ikkje registrert hendingar etter balansedagen som påverkar selskapets rekneskap.

Styret vil takke dei tilsette for god arbeidsinnsats gjennom året og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Høylandsbygd 21. juni 2024

Arthur Duus

Helge Nesse

Gerhard Meidell Aisaker

Kjartan Menhammer



<b>Resultatrekneskap</b>		
Tronds Marine Service AS		
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b> Note	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Salsinntekt	166 441 782	183 631 945
Anna driftsinntekt	131 379	306 663
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1</b> <u>166 573 160</u>	<u>183 938 608</u>
Variabel prosjektkostnad	1 30 761 719	41 797 707
Lønskostnad	2 60 374 787	52 900 645
Avskrivning	3 1 536 347	1 579 669
Annan driftskostnad	1, 2, 6 124 413 082	88 087 006
<b>Sum driftskostnader</b>	<u>217 085 935</u>	<u>184 365 027</u>
<b>Driftsresultat</b>	<u>-50 512 774</u>	<u>-426 419</u>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
Anna renteinntekt	43 095	195 039
Anna finansinntekt	242 954	79 141
Annan rentekostnad	2 103 718	70 936
Annan finanskostnad	1 167 165	-523 875
<b>Resultat av finansposter</b>	<u>-2 984 834</u>	<u>727 119</u>
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<u>-53 497 608</u>	<u>300 700</u>
Skattekostnad på resultat	4 -11 754 889	60 819
<b>Årsresultat</b>	<b>5</b> <u>-41 742 719</u>	<u>239 881</u>
<b>OVERFØRINGAR</b>		
Overført til udekt tap	41 742 719	-239 881
<b>Sum overføringar</b>	<u>-41 742 719</u>	<u>239 881</u>
<b>Tronds Marine Service AS</b>		<b>2</b>



<b>Balanse</b>			
Tronds Marine Service AS			
<b>EIGEDELAR</b>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<b>Immaterielle egedeler</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Vinsjer og fendere	3	2 761 261	4 065 993
Maskinar og anlegg	3	581 174	361 262
Båtar	3, 6	446 806	526 831
Driftsløysøre, inventar o.l.	3	59 055	51 157
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b><u>3 848 296</u></b>	<b><u>5 005 244</u></b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Periodisk vedlikehold	3	33 308 996	28 519 549
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b><u>33 308 996</u></b>	<b><u>28 519 549</u></b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b><u>37 157 292</u></b>	<b><u>33 524 793</u></b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Varar	7	1 950 451	2 837 121
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	8	34 037 109	20 609 828
Andre fordringar	8	3 025 200	11 636 998
Konsernfordringar	8	49 000 000	0
<b>Sum fordringar</b>		<b><u>86 062 309</u></b>	<b><u>32 246 826</u></b>
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	27 681 146	20 363 072
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b><u>115 693 905</u></b>	<b><u>55 447 018</u></b>
<b>Sum egedelar</b>		<b><u>152 851 197</u></b>	<b><u>88 971 811</u></b>
Tronds Marine Service AS		Side 3	

**Balanse**

## Tronds Marine Service AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Aksjekapital	5, 9	20 030 000	20 030 000
Overkurs	5	5 000 000	5 000 000
Annan innskoten egenkapital	5	57 470 000	19 250 000
<b>Sum innskoten egenkapital</b>	<b>5</b>	<b><u>82 500 000</u></b>	<b><u>44 280 000</u></b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Udekt tap	5	-44 643 807	-2 901 088
<b>Sum opptent egenkapital</b>	<b>5</b>	<b><u>-44 643 807</u></b>	<b><u>-2 901 088</u></b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>5</b>	<b><u>37 856 193</u></b>	<b><u>41 378 912</u></b>
<b>GJELD</b>			
Utsett skatt	4	2 660 702	3 635 591
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til selskap i konsern	8	58 805 587	8 110 221
Leverandørgjeld	8	9 875 109	16 573 347
Skyldige offentlige avgifter		5 500 255	4 164 118
Anna kortsiktig gjeld		38 153 351	15 109 623
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b><u>112 334 302</u></b>	<b><u>43 957 308</u></b>
<b>Sum gjeld</b>		<b><u>114 995 004</u></b>	<b><u>47 592 899</u></b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b><u>152 851 197</u></b>	<b><u>88 971 811</u></b>

Røysanes, 21.06.2024

Styret i Tronds Marine Service AS

Arthur Duus  
styreleiarGerhard Meidell Alsaker  
nestleiarHelge Mandius Nesse  
styremedlemKjartan Mehammer  
dagleg leiar



<b>Kontantstrømoppstilling 2023</b>			
<b>Tronds Marine Service AS</b>			
	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter</b>			
Resultat før skattekostnad		-53 497 608	300 700
Ordinære avskrivninger		1 536 347	1 579 669
Kostnadsført periodisk vedlikehold		12 103 793	10 022 198
Endring i bunkersbeholdning		886 670	-1 048 640
Endring i kundefordringer		-13 427 281	-6 363 444
Endring i leverandørgjeld		-6 698 238	3 132 162
Endring i andre tidsavgrensingsposter		32 954 382	-7 875 862
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:</b>		<b><u>-26 141 936</u></b>	<b><u>-253 217</u></b>
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>			
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		-379 399	-160 193
Utbetalinger periodisk vedlikehold		-16 855 958	-21 231 381
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		<b><u>-17 235 357</u></b>	<b><u>-21 391 574</u></b>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter</b>			
Endring konsernkonto		50 695 366	29 300 501
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		<b><u>50 695 366</u></b>	<b><u>29 300 501</u></b>
Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter		7 318 074	7 655 710
Bankinnskudd ved periodens begynnelse		20 363 072	12 707 361
<b>Bankinnskudd ved periodens slutt</b>		<b><u>27 681 146</u></b>	<b><u>20 363 072</u></b>
<b>Tronds Marine Service AS</b>		<b>Side 5</b>	



---

## Noter

---

### Tronds Marine Service AS

---

#### **Rekneskapsprinsipp**

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.

#### **Bruk av estimat**

Ved utarbeiding av årsrekneskapen har ein brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen i samsvar med god rekneskapsskikk. Område som i stor grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar, høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er skildra i notane.

#### **Driftsinntekter og -kostnader**

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

#### **Klassifisering**

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

#### **Varige driftsmidlar og avskrivningar**

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

#### **Varebeholdning**

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi. Netto salgsverdi er estimert salgspris ved ordinær drift etter fradrag for beregnede nødvendige utgifter for gjennomføring av salget. Anskaffelseskost inkluderer utgifter påløpt ved anskaffelse av varene og kostnader for å bringe varene til nåværende plassering og tilordnes ved bruk av FIFO - prinsippet.

#### **Fordringar**

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.

#### **Skattekostnad og utsett skatt**

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapsskikk.



---

## Noter

---

### Tronds Marine Service AS

---

#### **Valuta**

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til norske kroner ved å bruke kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til norske kroner ved å bruke valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til valutakursen fastsett på måletidspunktet. Valutakursendingar blir resultatført løpande i rekneskapen mot tilhøyrande driftsinntekter og driftskostnader.

#### **Kontantstraumoppstilling**

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

#### **Morselskap**

Morselskap til Tronds Marine Service AS er Meidell AS på Onarheim i Tysnes kommune. Tronds Marine Service AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.



---

## Noter

---

### Tronds Marine Service AS

---

#### Note 1 Transaksjoner med nærstående partar

##### Sal av varer og tenester:

<b>Nærstående part</b>	<b>Type transaksjon</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Selskap i Alsaker-konsernet	Slepeassistanse	8 089 631	1 035 172
Selskap i Meidell-konsernet	Slepeassistanse	0	3 500
<b>Sum sal av varer og tenester</b>		<b>8 089 631</b>	<b>1 038 672</b>

##### Kjøp av varer og tenester:

<b>Nærstående part</b>	<b>Type transaksjon</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Selskap i Meidell-konsernet	Leie fartøy	39 478 081	40 205 735
Selskap i Meidell-konsernet	Leie kai/område	3 268 864	4 574 990
Selskap i Alsaker-konsernet	Div. kjøp	13 623	0
Selskap i Alsaker-konsernet	Personale	0	97 072
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikeholdstenester	55 250	112 671
<b>Sum kjøp av varer og tenester</b>		<b>42 815 818</b>	<b>44 990 468</b>



## Noter

### Tronds Marine Service AS

#### Note 2 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

<b>Lønnskostnader</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Løningar m.m.	49 349 845	43 517 961
Arbeidsgjevaravgift	5 766 666	4 658 357
Pensjonskostnader	3 149 950	2 545 538
Andre ytingar, innleigd arbeidskraft	2 108 326	2 178 789
<b>Sum</b>	<b>60 374 787</b>	<b>52 900 645</b>

Gjennomsnittleg antall årsverk 50,0 47,0

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn	1 910 606	0
Anna godtgjering	3 511	0
<b>Sum</b>	<b>1 914 117</b>	<b>0</b>

Daglig leder var i perioden januar og februar konstituert daglig leder. Daglig leder ble ansatt som daglig leder fra 01.03.23.

Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytta til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.

#### **Obligatorisk tenestepensjon (OTP):**

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Ein har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette, som oppfyller krava i denne lova.

#### **Revisor:**

Kostnadsførte honorarer til revisor og revisor sitt advokatkontor fordeler seg på:

<b>Tekst</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Lovpålagt revisjon	170 000	155 000
<b>Sum</b>	<b>170 000</b>	<b>155 000</b>

#### **Bundne skattetrekkmidlar:**

<b>Tekst</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>
Skattetrekkskonto pr 31.12	1 014 892	1 137 801



## Noter

### Tronds Marine Service AS

#### Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

##### *Varige driftsmidler:*

	<b>Maskiner og anlegg</b>	<b>Båter</b>	<b>Driftsløysøre, inventar o.l.</b>	<b>Vinsjer fendrer</b>
Anskaffelsekost 01.01	444 193	800 250	667 074	6 523 661
Tilgang i året	325 000		54 399	
Avgang i året				
Anskaffelsekost 31.12	769 193	800 250	721 473	6 523 661
Samla av- og nedskrivning	188 019	353 444	662 418	3 762 400
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>581 174</b>	<b>446 806</b>	<b>59 055</b>	<b>2 761 261</b>
Ord. av- og nedsk. i år	105 088	80 025	46 501	1 304 732
Økonomisk levetid	5 år	10 år	5 år	5 år
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

	<b>Kontormaskiner Programvare</b>	<b>Periodisk vedlikehold</b>	<b>SUM</b>
Anskaffelsekost 01.01	599 849	67 557 925	76 592 952
Tilgang i året		16 855 958	17 235 357
Avgang i året			0
Anskaffelsekost 31.12	599 849	84 413 883	93 828 309
Samla av- og nedskrivning	599 849	51 104 887	56 671 017
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>0</b>	<b>33 308 996</b>	<b>37 157 292</b>
Ord. av- og nedsk. i år		12 066 510	13 602 857
Økonomisk levetid	4 år	4-10 år	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	



## Noter

### Tronds Marine Service AS

#### Note 4 - Skatt

##### Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2023	2022
<b>Skatt på alminnelig inntekt:</b>		
Betalbar skatt	0	0
Skatteeffekten av konsernbidrag	-10 780 000	0
Endring utsett skatt/skattefordel	-974 889	60 819
<b>Skattekostnad på alminnelig inntekt</b>	<b>-11 754 889</b>	<b>60 819</b>
Effektiv skattesats med skattesats 22%	22,0 %	20,2 %

##### Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2023	2022
<b>Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt:</b>		
Ordinært resultat før skatt	-53 497 608	300 700
Endring i midlertidige forskjellar	14 413 911	-9 482 313
Andre permanente forskjellar	66 295	-24 250
Endring i framførbart underskot	-9 982 598	9 205 863
Mottatt konsernbidrag	49 000 000	0
<b>Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

##### Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2023	2022
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	0	0
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

##### Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2023	2022	Endring
<b>Forskjeller alminnelig inntekt:</b>			
Varige driftsmidler	-171 115	377 226	548 341
Fordringer	0	-1 455 000	-1 455 000
Periodisk vedlikehold	33 308 996	28 519 549	-4 789 447
Avsetninger	-20 110 017	0	20 110 017
Framførbart underskot	-933 764	-10 916 362	-9 982 598
<b>SUM</b>	<b>12 094 099</b>	<b>16 525 412</b>	<b>4 431 313</b>
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
<b>Utsett skatt alminnelig inntekt</b>	<b>2 660 702</b>	<b>3 635 591</b>	<b>974 889</b>



## Noter

### Tronds Marine Service AS

#### Note 5 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan Innskoten eigenkapital	Udekket tap	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2022	20 030 000	5 000 000	19 250 000	-2 901 088	41 378 912
Resultat i år				-41 742 719	-41 742 719
Konsernbidrag mottatt			38 220 000		38 220 000
<b>Pr 31.12.2023</b>	<b>20 030 000</b>	<b>5 000 000</b>	<b>57 470 000</b>	<b>-44 643 807</b>	<b>37 856 193</b>

#### Note 6 Tronds Lift 6

«Tronds Lift 6» var våren 2023 teken ut av drift for gjennomføring av planlagt femårleg hovudklasse/periodisk vedlikehald av skrog og kran. Rekneskapsmessig balanseførast periodisk vedlikehald og periodiserast fram til neste klassing, det vil seie over 5 år.

Verkstadoppghaldet var planlagt i god tid, og fleire kritiske komponentar var bestilte fleire månader i forkant på grunn av leveringstid. Det vart i løpet av verkstadoppghaldet identifisert vesentleg slitasje på krana som ikkje er akseptabel for classeselskapet. Tiltak for å rette på slitasjen vart vurderte, både teknisk og økonomisk, saman med risikoen for vidare drift.

Konklusjonen er å ikkje investere ytterlegare i krana, som resulterer i at ho ikkje lenger vil kunne operere som flytekrana.

Fartøyets verdi er vurdert på nytt, og balanseført periodisk vedlikehald vart på bakgrunn av denne gjennomgangen kostnadsført i sin heilskap. Kostnaden utgjer kr 41,8 mill. I tillegg er det lagt inn kr 2,5 mill. i avsetjing til framtidige kostnader.

#### Note 7 Varer

Varelager	2023	2022
Råvarer	1 950 451	2 837 121
<b>Sum varelager</b>	<b>1 950 451</b>	<b>2 837 121</b>



## Noter

### Tronds Marine Service AS

#### Note 8 Mellomvære med selskap i same konsern

##### Fordringar på selskap i same konsern:

	2023	2022
Kundefordringar	20 844 256	3 824 651
Andre fordringar	49 000 000	565 733
<b>Sum</b>	<b>69 844 256</b>	<b>4 390 384</b>

##### Gjeld til selskap i same konsern:

	2023	2022
Gjeld konsernkonto-ordning	58 805 587	8 110 221
Leverandørgjeld	4 011 662	4 385 371
<b>Sum</b>	<b>62 817 249</b>	<b>12 495 592</b>

Tronds Marine Service AS er eit firma i Meidell konsern, og deltar som underkonto innehavar i Meidell AS si konsernkontoordning. Underkonto innehavar kausjonerer som solidarisk selvskyldnerkausjonist for dei forpliktingar som Meidell AS har til ei kvar tid.

#### Note 9 Aksjonærar

##### Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antal aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	20030	1 000	20 030 000

##### Eigarstruktur:

Namn	Antal aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Meidell AS	20 030	100,0 %	100,0 %

Nestleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer 100 % av aksjane i Meidell AS.



Til generalforsamlinga i Tronds Marine Service AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tronds Marine Service AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontantstrømpoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvise bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

### Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, [www.pwc.no](http://www.pwc.no)


Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 21. juni 2024

**PricewaterhouseCoopers AS**

  
Ole Martin Waage  
Statsautorisert revisor